



Etne kommune

Dato: 17.02.2016  
Vår ref.: 2015/9913-4  
Saksbehandlar: gunhans  
Dykkar ref.:

## Val av skjønnsmedlemmer for 2017

Etter skjønnsprosesslova § 14 skal fylkestinget oppnemna eit utval av skjønnsmedlemmer etter forslag frå tingrettane og frå kommunestyra.

Fylkeskommunen skal oppnemna skjønnsmedlemsutval for følgjande domstolar:

Bergen	48 skjønnsmedlemmer
Hardanger	44 skjønnsmedlemmer
Sunnhordland	54 skjønnsmedlemmer
Nordhordland	140 skjønnsmedlemmer

I tillegg skal Hordaland fylkeskommune oppnemna 4 skjønnsmenn frå Etne til Haugaland tingrett.

Justisdepartementet har i brev 21.12.2015 til kommunane, fylkeskommunane og fylkesmennene gitt nærmare retningslinjer for val av skjønnsmedlemmer.

Vi viser til brevet og peikar særleg på at forslaget til skjønnsmedlemmer må innehalda nærmare opplysningar om kandidatane. Kravet om opplysningar går fram av skjønnsprosesslova § 14, 3. ledd:

«Oppgaven skal inneholde fullt navn, adresse, fødselsnummer, eventuell telefon til arbeidssted og privat, stilling og yrke, samt angivelse av hva vedkommende er særlig kyndig i.»

Når det gjeld kvalifikasjonar, vert det særleg vist til pkt. 2.1.1 og 2.1.2 i brevet. Det er spesielt nemnd behovet for personar med innsikt i bygningsvesen og jord- og skogbruk. I tillegg er det i oversendingsbrevet opplyst at fleire domstolar overfor Domstoladministrasjonen har gjeve uttrykk for at dei i liten grad har bruk for skjønnsmedlemmer med alminneleg kompetanse. Det er gjeve uttrykk for at det er viktigare med kompetanse knytt til ulike sider av bruk og drift av fast eigedom samt rekneskap.

I samsvar med pkt. 2.1.3 i nemnde brev til kommunane, fylkeskommunane og fylkesmennene ber vi om at kommunen set fram forslag på 20 % fleire enn det talet skjønnsmedlemmer som skal veljast.

Fylkeskommunen vil kontakta Haugaland tingrett om forslag på skjønnsmedlemmer.

Kommunen sitt forslag til skjønnsmedlemmer vert å senda **innan frist 14. juni 2016**:

**Hordaland fylkeskommune,  
fylkessekretariat, postboks 7900  
5020 Bergen**

Gunbjørg S Hanssen  
spesialkonsulent

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*